

Gunnar Skirbekk

## Hijab-debatten – kvifor uniform?

Bergens Tidende 06.11.08

Politiforum 12.12.08

Dei fleste av oss går til dagleg «i sivil», det vil seie at vi ikkje går i uniform, korkje heime eller på jobb. Men visse yrke har uniform, og det kan vere forskjellige grunnar til det. Såleis er det praktisk at kapteinen på eit skip, eller i eit fly, er gjenkjenneleg, nettopp som kaptein. Og i krig er det viktig å kunne skilje mellom soldatar og sivile, og helst også mellom venn og fiende på fronten.

Før hadde også embetsmenn uniform, som teikn på stand og stilling som statens lojale tenestemenn. Dei som i dag utgjer kjernen i statens legale maktutøving i fredstid – dommarane og politiet – har også uniform når dei er på post og utfører sine oppdrag ut frå landets lover. Ved å iføre seg uniform markerer dei at dei ikkje opptrer som privatpersonar, men som handhevarar av gjeldande lov og rettspraksis: Alle statsborgarar skal derfor vite at politi og rettsvesen behandlar alle likt, ut frå dei same lovene og den same rettspraksis.

Så kan ein innvende at alle er feilbarlege, og at det alltid er ein fare for «klassejustis», og «kjønnsjustis». Det er sant, og slike feiltrinn kritiserer vi nettopp ut frå idealet om lik behandling av like tilfelle, ut frå gjeldande lov og rettspraksis.

Ein kan vidare tilføye at det ofte krevst mange slags innsikt for å skjønne kva som eigentleg går føre seg, eller har gått føre seg, i ulike konflikhtar. Det er også sant, og derfor er det ønskjeleg med ei vid fagleg utdanning og ei rekruttering av personar med ulike erfaringshorisontar, både i politiet og i rettsvesenet.

Men når ein ifører seg uniform, i politiet eller i retten, så er det som utøvar og forsvarar av gjeldande lov og rett, og ingenting anna. Uniforma er ein institusjonell markør for viljen til å leggje private verdioppfatningar til side. Hijab eller turban hjå dommarar eller politifolk i teneste ville derfor vere ein uting.

Men ville det ikkje vere bra om ulike grupper kjenner seg igjen i den måten politi og rettsvesen framstår på? Ja, i den forstand at ulike grupper, og begge kjønn, bør rekrutterast til desse sentrale yrkesoppgåvene i eit rettssamfunn, men ikkje i den forstand at alternative livssyn og verdioppfatningar skal kunne markerast i uniformene på spesielle måtar.

Men dersom det finst personar som ikkje maktar å skilje mellom yrkesrolle og eins eige religiøse livssyn? Ja, då har dei eit problem i eit moderne rettssamfunn, og derfor bør dei

inntil vidare ikkje rekrutterast til desse stillingane som nettopp forutset at ein innser poenget med dette skiljet og at ein etter evne prøver å leve opp til det.

Men om somme personar i innvandarmiljøa ville føle at det var tryggare med politifolk og dommarar i hijab eller turban? Då har desse personane ein jobb å gjere med å forstå at politiet og domstolane i vårt samfunn er der for å tene alle samfunnsborgarane utfrå dei same lover og den same rettspraksis.

Det å tillate slike avvik i yrkesuniformene ville tvert om vere eit signal om at vi aksepterer at visse grupper føler at desse etatane ikkje er heilt til å stole på. Vi signaliserer at det er på sin plass å tvile på idealet om likeverdig behandling av alle samfunnsborgarar uavhengig av kulturell bakgrunn og religiøs overtyding.

Men politi og rettsvesen har jo nettopp til oppgåve å behandle borgarane likt og dette idealet bør utvitydig avspeglast i tenesteuniformene. Feil og avvik bør påtalast og motverkast, men det skjer ikkje ved å så tvil om grunnprinsippet om at rettsstaten er eins og felles for oss alle.